



# HANDLINGSPLAN

## Sogn og Fjordane Skikrins

### 2021-2023

1. Visjon og verdier
2. Skiglede for alle
  - 2.1. Frå skipolitikk til skiglede
  - 2.2. Utøvaren i sentrum
  - 2.3. Hovudmål for perioden 2021-2024
3. Handlingsplan Sogn og Fjordane Skikrins 2021-2023



## 1. VISJON OG VERDIAR

Sogn og Fjordane Skikrins sitt arbeid skal bygge på det same verdifundamentet som idretten forøvrig.

Idretten sitt føremål er i Norges Idrettsforbund si lov uttrykt slik:

- *Arbeide for at alle mennesker gis mulighet til å utøve idrett ut fra sine ønsker og behov, og uten å bli utsatt for usaklig eller uforholdsmessig forskjellsbehandling.*
- *Være en positiv verdiskaper for individ og samfunn og dermed styrke sin posisjon som folkebevegelse og drivkraft i samfunnet.*
- *Organisasjonens arbeid skal preges av frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettslig aktivitet skal bygge på grunnverdier som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlighet.*

Norges Skiforbund (NSF) sin visjon er:

**Mange, gode og glade skiløparar**

Sogn og Fjordane Skikrins sitt arbeid skal pregast av:

**Frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd**

All aktivitet i Sogn og Fjordane Skikrins skal bygge på verdiane:

**Idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom**

Sogn og Fjordane Skikrins sin politikk skal bygge på Norges Skiforbund sitt strategidokument for perioden 2021-2024 – *Skiglede for alle*.

### **Føremålsparagraf**

Sogn og Fjordane Skikrins sitt føremål er å arbeide for skiidretten si utvikling innan krinsen, samt fremje samarbeidet med idrettslaga. Sogn og Fjordane Skikrins skal bistå Norges Skiforbund i alle spørsmål som gjeld skiidretten innan krinsen.

## 2. Skiglede for alle

Norges Skiforbund sitt strategidokument for perioden 2021-2024.

### **2.1 Frå skipolitikk til skiglede**

Skiidretten skal ta vare på både dei som ynskjer å vere med for å delta og dei som ynskjer å konkurrere. Vi har framleis ein del å gå på når det gjeld å legge til rette for dei som har lyst til å vere med, dei som er glade i å stå, hoppe eller gå på ski, utan nødvendigvis å konkurrere. Vi må legge til rette både sportsleg og sosialt for at det første møte med skiidretten fører til eit ynskje om å vere aktiv livet ut. Dette er eit felles ansvar, og vi ynskjer at strategidokument skal vere eit viktig verktøy i arbeidet framover.



Skal strategidokumentet gi ein effekt er ein avhengig av å gå frå ord til handling. Vi skal fortsette det politiske arbeidet og arbeide for gode rammevilkår, samtidig som vi skal overføre vedtekne mål til konkrete handlingar og tiltak. For å fremje ei god utvikling må vi vere til stades der aktiviteten skjer, og dette vil i perioden 2021-2024 bli prioritert gjennom både økonomiske og menneskelege ressursar. Vi skal skape skiglede for alle barn og unge som ynskjer å vere med på aktiviteten, og vi skal fortsette det gode arbeidet med toppidretten.

## **Rekruttering og tilgjengelegheit**

Rekruttering til idretten seier noko om kor attraktiv og inkluderande aktiviteten er. Vårt viktigaste føremål er å legge til rette for god aktivitet for alle barn og unge, ein aktivitet som fremjar sunne verdiar, helse og bidrar til utviklinga av heile mennesket. Idretten er i tillegg ein viktig sosialiseringarena, og skiidretten ynskjer å vere ein sentral del av barn og unge sin oppvekst og kvardag. Vi må ta det ansvaret og skape gode møteplassar og trygge rammer for alle som ynskjer å vere med. Vi må gjere skiidretten enno meir tilgjengeleg, både med tanke på nærheit, innhald og kostnader. Aktivitetstilbodet må gjenspegle barn og unge sine ynskjer, behov og ambisjonar, noko som betyr at vi må henge med på samfunnsutviklinga og tida vi lever i.

## **Frivilligheit og dugnadsinnsats**

Frivilligheita er berebjelken i alle våre aktivitetsmål. Det vert lagt ned kvart år frivillig dugnadsinnsats i skiidretten tilsvarande ca. 3000 årsverk. Omrekna gir dette 7 heiltidsstillingar i alle norske kommunar. Det frivillige engasjementet kan ikkje erstattast med pengar. Idrettsglede og fellesskapet som vert skapt i frivilligheita er grunnleggande kjerneverdiar for at vi framleis skal vere ein nasjon beståande av skiløparar. Skiforbundet har eit stort ansvar å bidra til at rammevilkåra for frivilligheita til ein kvar tid er slik at den skaper vidare motivasjon for tilrettelegging og utvikling.

## **Berekraft og samfunnsansvar**

Berekraftig utviklingar blir eit viktig prinsipp i tida framover. Klimaendringar er eit faktum, og for skiidretten byr dette på problemstillingar knytt til snø for trening og gjennomføring av arrangement. Skiforbundet må også i denne perioden vere pådrivar for å sette utfordringane på det nasjonale og internasjonale ski-kartet. Det må arbeidast med klimavennlege løysing for snøproduksjon og teknologi for bevaring av snø. Berekraftig utvikling inneberer også andre områder, mellom anna utdanning, likestilling og mindre ulikheit. Vi tek FN sitt berekraftmål på alvor og skal vere ein positiv bidragsytar i arbeidet framover.

## **2.2. Utøvaren i sentrum**

Utvikling av skiutøvaren skal gjerast i eit langsiktig utviklingsperspektiv. Difor er det utøvaren som er i sentrum for skiidretten sine mål. For at ein utøver skal kunne utvikle seg er det behov for trenarar, arrangement og anlegg som er tilrettelagt på ein slik måte at utvikling skjer gjennom eit langt idrettsliv. Til saman utgjjer elementa




nærmast utøveren kjerneverksemda for all verksemd, frå skiklubb, via skikrets og til skiforbundet.

Menneske utviklar seg i ulik takt, uavhengig av alder og ferdigheitsnivå. Skiidretten sine framtidige mål er difor tilrettelagt for idrettsleg utvikling basert på utviklingsalder framfor kronologisk alder. Samtidig vil skiidretten vere eit betydeleg bidrag i eit folkehelseperspektiv. Gjennom auka skiutøving og skiglede vert det lagt til rette for at ski blir ein integrert del av folk sin kvardag. Gjennom utviklingsbasert tilrettelegging skal Norges Skiforbund stadfeste sin posisjon som verdas beste skinasjon, og at vi er ein nasjon beståande av skiløparar.



Figur 1) Utøveren i sentrum



Figur 2) Skiforbundet sin utviklingsmodell

Klubbane i Norges Skiforbund har gjennom klubbundersøkinga gjennomført hausten 2019 gitt eit godt innblikk i skiidretten sine utfordringar og har gitt Skiforbundet ei retning for kva som er viktig for aktiviteten framover. Rekruttering og å halde skiutøveren gjennom heile barne- og ungdomsperioden er eit uttalt mål. Dette må gjerast gjennom tilrettelegging av aktiviteten, kompetanseheving og på ein måte som ikkje er økonomisk belastande.

Gjennom skiforbundet sin utviklingsmodell skal det utviklast nye aktivitetstilbod som tek i vare medlemene sin moglegheit til å drive breiddeidrett og toppidrett, på tvers av greiner og andre idrettar, tilrettelagt enkeltindividet si økonomiske evne. Modellen skal vere skiidretten sin raude tråd i kommande periode. Den gir føringar for korleis framtidias organisasjon, utøvarar, trenarar, leiarar, anlegg og arrangement skal vere.

Målet er at skiidretten skal legge til rette for flest mogleg, lengst mogleg og best mogleg. I dette ligg aktivitet både for funksjonsfriske og funksjonshemma, for integrering av medlemar som ikkje har eit tradisjonelt forhold til snø og ski, og integrering av medlemar frå alle samfunnslag. Skiidretten skal vere inkluderande med omsyn til nivå, alder, kjønn, sosial- og kulturell bakgrunn, funksjonsevne, seksuell



orientering og økonomisk evne. Skiidretten skal vere ein del av kvardagsintegreringa i samfunnet, og den skal gi livslang aktivitetsglede.

### **2.3. Hovudmål for perioden 2021-2024**

Norges Skiforbund skal bidra til ein berekraftig utvikling av norsk skiidrett gjennom følgjande hovudmål for perioden:

1. Skiidretten skal gjennom fokus på rekruttering og ivaretaking av medlemsmassen stimulere til auka deltaking i norsk skiidrett
2. Skiidretten skal tilby eit aktivitetstilbod som inkluderer og er tilrettelagt for alle
3. Skiidretten skal skape ein meningsfull frivilligheit som er enkelt å bli ein del av
4. Skiidretten skal bli meir tilgjengeleg ved å redusere barrierar for deltaking
5. Skiidretten skal gjennom fokus på langsiktig utvikling legge til rette for at utøvarar når verdstoppen, slik at Noregs posisjon som verdas leiande skinasjon oppretthaldast
6. Skiidretten skal gå framfor i klima- og miljøarbeidet ved å implementere praktisk gjennomførbare, offensive og effektive tiltak innan eigen organisasjon og aktivitet.
7. Skiidretten skal sørge for ei positiv utvikling av sporten gjennom auka fokus på kompetanseheving og erfaringsutveksling, både nasjonalt og internasjonalt

Hovudmåla for perioden skal nåast gjennom eit spesielt fokus på følgjande innsatsområde:

- Aktivitetsutvikling
- Anleggsutvikling
- Arrangementsutvikling



## 3. HANDLINGSPLAN – SOGN OG FJORDANE SKIKRINS 2023-2025

Prioriterte mål og delmål med bakgrunn i *Skiglede for alle* for Sogn og Fjordane Skikrins i perioden vår 2023 – vår 2025.

Skikrinsstyret og komiteane utarbeider tiltak under kvart delmål for perioden.

### Prioriterte hovudmål for perioden 2023-2025

1. Sogn og Fjordane Skikrins skal gjennom aktiv rekruttering og heilheitleg ivaretaking av medlemmane stimulere til auka deltaking i skiidretten.

Innsatsområde: <b>AKTIVITETSUTVIKLING</b>
<b>Mål 1: Skikrinsen skal gjennom oppsøkande verksemd, generell service og samarbeid med andre særiddrettar sikre at klubbane kan tilby eit heilheitleg skitilbod.</b>
Delmål:
1.1. Skikrinsen skal implementere SUM i skiklubbar i eigen krins slik at borna sitt første møte med skiidretten blir prega leik og glede, uavhengig av utviklingsnivå og alder.
1.2. Skikrinsen skal kartlegge skiklubbane sine behov, og på bakgrunn av det tilby utviklingskurs for klubb utvikling og leiarar i skiklubbane.
1.3. Skikrinsen si terminliste skal gje opning for konkurransefrie helgar i aldersbestemte klassar opp til 12 år.
<b>Mål 2: Skikrinsen skal arbeide for opne tilbod for alle, og bistå med kostnadsbesparande løysingar knytt til utstyr, reise og opphald.</b>
Delmål:
2.1. Skikrinsen skal aktivt arbeide for å redusere kostnadsnivået i skiidretten gjennom haldningsskapande arbeid i skiklubbane.
2.2. Skikrinsen skal oppmode til treningstilbod på tvers av greiner og skiklubbar.



2.3. Skikrinsen skal skape utviklingsmiljø på tvers mellom skiklubbar i krinsen, og skiklubbar på tvers av klubbgrensene.

**Mål 3: Skikrinsen skal styrke trenarutviklinga gjennom god kvalitet og auka tilgjengelegheit på kurs og kompetansetiltak.**

Delmål:

3.1. Skikrinsen skal vere ein pådrivar for å gjennomføre trenarutdanning for skiklubbane sine trenarar, og implementere trenarløypa i all trenarutdanning.

3.2. Skikrinsen skal bidra til trenarsamarbeid på tvers av skiklubbar og greiner.

3.3. Skikrinsen skal drive haldningsskapande arbeid, og bidra til at krinslag- og teamutøvarar blir sjølvstendige utviklingsorienterte utøvarar gjennom kompetansetiltak innan kosthald, ernæring, treningslære, organisasjonsforståelse, antidopingreglar, fair play, og andre relevante kurs i idretten.

Innsatsområde: **ANLEGG**

**Mål 1: Utarbeide anleggsplan som definerer langsiktige behov og god fordeling av anlegg på ulike nivå, samt vere pådrivar og starthjelpar til skiklubbane si eiga anleggsutvikling.**

Delmål:

1.1. Skikrinsen skal følgje opp arbeidet i anleggskomiteen knytt til utvikling/revidering av Anleggsplan 2021-2025.

1.2. Skikrinsen skal bistå idrettslaga med etablering av hensiktsmessige anlegg ut frå ei klassifisering av anleggstypar gjennom anleggsplanen.

**Mål 2: Vere pådrivar og bistå skiklubbane med å etablere snøsoner og snøsikre nærmiljøanlegg.**

Delmål:

2.1. Skikrinsen skal legge til rette for kompetansetiltak om utvikling av nærmiljøanlegg og



snøsikre anlegg (seminar, sonemøte/klubbesøk, synfaring).

**Mål 3: Bistå klubbane i å finne gode finansieringsmodellar ved etablering og drift, og saman med skiforbundet bidra til å sikre arealtilgang for skianlegg og turløyper.**

Delmål:

3.1. Skikrinsen skal bistå idrettslaga saman med skiforbundet i oppstart av anleggsprosjekt.

Innsatsområde: **ARRANGEMENT**

**Mål 1: Iverksette nye arrangementskonsept gjennom oppsøkande verksemd og kompetansehevande tiltak.**

Delmål:

1.1. Skikrinsen skal implementere nye arrangementkonsept gjennom sonemøter, klubbesøk og arrangørseminar.

**Mål 2: Synleggjere gjennom eigne skirenn gode konkurranseformer som set utøvaren i sentrum.**

Delmål:

2.1. Skikrinsen skal implementere nye arrangementkonsept i terminlistene til dei ulike greinene.

2.2. Skikrinsen skal legge til rette for arrangementtilbod for medlemmar som ynskjer å delta, men ikkje nødvendigvis konkurrere.

**Mål 3: Tilby opplæring av arrangørar og bidra til at frivillige får gode opplevingar på arrangement.**

Delmål:

3.1. Skikrinsen skal rettleie arrangørane slik at skiklubbane er i stand til å gjennomføre arrangement med fokus på effektivitet og høg aktivitet.





Innsatsområde: **KOMMUNIKASJONSARBEID**

## **Klubb, medlemskontakt, intern kommunikasjon**

**Mål:** Skikrinsen skal bidra til aktiv medlemskontakt gjennom digitale kanalar.

**Mål:** Skikrinsen skal syte for klubb- og medlemskontakt gjennom Vår- og Haustmøter.

## **Merkevare og omdøme**

**Mål:** Skikrinsen skal vere ein godt synleg idrettsaktør i Sogn og Fjordane.

Innsatsområde: **ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR**

## **Offentlege midlar**

**Mål:** Skikrinsen skal sikre dei økonomiske rammevilkåra for idrettslaga og skianlegga gjennom politiske påvirkningsarbeid ovanfor fylkeskommunen og kommunane.

## **Markedsinntekter**

**Mål:** Skikrinsen skal sikre sine markedsinntekter gjennom å arbeide med regionale samarbeidspartnarar.

Innsatsområde: **SAMHANDLING**

## **Offentlege midlar**

**Mål:** Skikrinsen skal samarbeide med nærliggande skigymnas og høgskular knytta til kurs-, kompetanse-, og aktivitetutvikling.

**Mål:** Skikrinsen skal arbeide for å tilby skiaktivitet som ein del av idrettsaktiviteten i skuletida i eit samarbeid mellom idrettslag, skule og SFO/ AKS.



## Politisk samhandling

**Mål:** Skikrinsen skal drive politisk påverknad ovanfor fylkeskommunen, kommunar, idrettskrinsen og skiforbundet.